



BØ SPAREBANK



Delårsrapport

3. kvartal 2013

Hovudpunkt frå kvartalstala pr. 3. kvartal 2013

- *Betra rentenetto*
- *Stabile andre inntekter, med pluss for utbytte*
- *Forventa ekstraordinære kostnader ved fusjon bokført på 9 månader.*
- *Framleis svært god likviditet*
- *Liten vekst i utlån, ein del overflytting til Eika BK*

Resultatrekneskap

Resultatutvikling visa ved nøkkeltal i % av gj.sn. forvaltningskapital

	Pr. 30.09.2012	Pr. 30.06.2013	Pr. 30.09.2013
Rentenetto	1,88 %	1,54 %	1,58 %
Andre driftsinntekter	0,30 %	0,54 %	0,50 %
Lønn og generelle adm.kostnader	1,11 %	1,15 %	1,09 %
Andre driftskostnader	0,21 %	0,36 %	0,40 %
Tap på utlån	0,25 %	0,11 %	0,11 %
Resultat av ordinær drift	0,62 %	0,47 %	0,49 %

Rentenetto

Gjennomsnittleg rentenetto er redusert med 0,27 % sidan nyttår, og ligg 0,30 % lågare enn same tid i fjor. I rekneskapen er det lagt inn 1 million kr. i sikringsfondsavgift for året 2013. Dette hadde vi ikkje sist år, og dette reduserar rentenettoen tilsvarande på årsbasis. Nye likviditetskrav bind innskot til låg avkastning, og midlertidig svært stor overskotslikviditet påverkar rentenettoen negativt. I tillegg er konkurransen på pris i vår marknad kraftig. Tiltak som er sett i verk har betra rentenettoen noko i 3. kvartal.

Netto andre driftsinntekter

Netto provisjonsinntekter visar ei fin betring. Auka volum i Eika Boligkreditt gjev høgare provisjonsinntekter. I tillegg har vi aksjeutbytte, vesentleg frå Eika Gruppen AS som dreg inntektene opp.

Driftskostnader

Driftskostnadene pr. 3 kvartal er om lag 2,8 mill. kr. høgare enn sist år. Reelt sett er kostnadsutviklinga betre enn fjoråret da ein for 2013 har bokført alt av forventa fusjonskostnader i rekneskapen ved utgangen av 3. kvartal.

Taps- og misleghaldutvikling

Ved utgangen av kvartalet har vi bokført tapskostnad ut frå ei vurdering av vår portefølje, men der ein og har sett på fusjonert bank sin samansetning av bransjar mv.

Resultat av ordinær drift

Samla resultat etter skatt pr. 3. kvartal 2013 er 4,970 mill. kr., mot 6,151 mill. kr. i 2012. Resultatet er mykje prega av at vi har bokført berekna samla fusjonskostnader pr. 30.09.. Held ein dette utanfor ville vi hatt eit betre resultat enn til tilsvarande periode 2012.

Balanse

Utvikling nøkkeltal i tusen. kr. ;

	Pr. 30.09.2012	Pr. 30.06.2013	Pr. 30.09.2013	12 mnd. Vekst %
Forvaltningskapital	1.818.123	1.949.074	1.905.172	4,79 %
Utlån til kundar	1.543.562	1.426.026	1.427.992	-7,49 %
Utlån gjennom Eika Boligkreditt	113.534	187.802	201.144	77,17 %
Utlån totalt inkl. EBK	1.657.096	1.613.828	1.629.136	-1,69 %
Innskot frå kundar	1.274.555	1.453.243	1.435.655	12,64 %

Forvaltningskapitalen

Forvaltningskapitalen er på 1.905 mill. kr. Dette er ein auke på 4,79 % frå same tid sist år. Frå siste kvartal er forvaltninga blitt redusert med 44 mill. kr., medan den er auka med 34 mill. kr. frå nyttår. Årsaka ligg i store innskot dette året som gradvis blir redusert månad for månad i samband med behov hos innskytar.

Utlån til kundar

Utlån til kundar på eigen balanse er 1.428 mill. kr. som er ein reduksjon på 7,49 % frå same tidspunkt sist år. Utlåna fordelar seg med 27 % på bedriftsmarknaden, og 73 % på privatmarknaden. Utlån gjennom Eika Boligkreditt utgjer 201,1 mill. kr. Vi har ein bevisst politikk med å plassere nye lån via EBK, og har siste året auka lån i EBK med over 87,6 mill. kr. Garantiar utgjer ved utgangen av 3. kvartal 58,3 mill. kr.

Innskot

Innskot frå kundar utgjer 1.435 mill. kr. Dette er ein auke på heile 161,1 mill. kr. frå same tid sist år. Ein auke på heile 12,64 %. Vi har ein innskotsdekning på 100,54 %. Situasjonen er midlertidig, da vi er kjent med at ein kunde med store innskot pt. kjem til å investere desse utover hausten.

Likviditetssituasjonen

Vi har for tida unormalt høg plassert likviditetsreserve. I tillegg har vi trekkrettar som ligg som reserve.

Ved kvartalsskifte var vår LCR 90,4 og LBI 118,6. Dette er god margin i høve til framtidige krav.

Soliditet

Eigenkapitalprosenten (eigenkapital inkludert årets overskot i % av forvaltning) ved utgangen av 3. kvartal er 10,2 %.

Kapitaldekninga utgjer 21,47 %.

Overskot så langt i året er ikkje med i berekningane for kapitaldekning og kjernekapitaldekning.

Risikoforhold

Banken gjennomfører årleg ICAAP, og vurderer risikoprofil og kapitalbuffer som god.

I denne samanheng har vi og utarbeidd kapitalplan og risikomatrix for drifta.

Vi vurderer det ikkje som naudsynt å gjere spesielle tiltak for å møte nye kapitalkrav på noverande tidspunkt. I samband med fusjon med Seljord Sparebank vurderer ein samansetjinga av obligasjonslån og forfall.

Framtidsutsiktar

Bø Sparebank og Seljord Sparebank fusjonerer 4. oktober med Bø Sparebank som overtakande bank. Rekneskapa for begge bankane pr. dato er prega av ekstraordinære kostnader og fokus på fusjon. Styra i begge bankane meiner fusjonen vil styrke den samanslutta banken i marknaden både med omsyn til konkurranse, inntening og soliditet. Den samanslutta banken tek namnet

Sparebanken DIN og vil vera ein sjølvstendig og lokalt eigd bank i det marknadsområdet Bø og Seljord Sparebankar har i dag. Saman vil ein og stå sterkare til å vurdere andre marknadsområde. Bankane går likt inn i samanslutninga og eig 50 % kvar av grunnfondet på 100 mill. kr. Det blir oppretta to sparebankstiftingar, Sparebankstiftinga Seljord (38 %) og Sparebankstiftinga Bø (62 %) som saman eig eigenkapitalbeviskapitalen på om lag 225 mill. kr.

Bø Sparebank

Resultat (1.000 kr.)	3. kvartal		Hittil i år		Året 2012
	2013	2012	2013	2012	
Renteinntekter og lignende inntekter	18.879	19.306	55.120	59.457	78.278
Rentekostnader og lignende kostnader	10.813	10.586	32.633	33.404	43.963
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	8.066	8.721	22.487	26.054	34.315
Utbytte og andre inntekter av verdipapirer med var. avkastning	162	17	1.986	199	199
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktjenester	1.962	1.361	4.958	4.248	5.813
Provisjonskostnader og kostnader fra banktjenester	577	368	1.230	988	1.330
Netto verdiendr. og gev./tap på val. og verdipapirer omløp	395	223	1.328	669	1.120
Andre driftsinntekter	0	0	1	1	2
Netto andre driftsinntekter	1.941	1.233	7.043	4.129	5.803
Personalkostnader	2.819	2.527	9.232	9.234	12.725
Administrasjonskostnader	1.707	1.634	6.077	6.075	7.521
Avskrivning m.v. av varige driftsmidler og imm. eiendeler	24	21	114	91	132
Andre driftskostnader	2.297	987	5.543	2.766	4.334
Sum driftskostnader	6.847	5.169	20.966	18.166	24.712
Resultat før tap	3.160	4.784	8.564	12.016	15.406
Tap på utlån, garantier m.v.	1.051	1.863	2.051	3.481	5.434
Sum nedskr/rev av nedskrivning	-382	0	-382	0	0
Resultat av ordinær drift før skatt	2.490	2.921	6.894	8.535	9.973
Skatt	698	819	1.924	2.384	3.234
Resultat av ordinær drift etter skatt	1.792	2.103	4.970	6.151	6.738

Balanse (1.000 kr.)	30.09.13	30.09.12	31.12.12
EIENDELER			
Konter og fordringer på sentralbanken	67.224	80.408	106.581
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner	113.497	48.671	84.395
Utlån til og fordringer på kunder	1.427.992	1.543.562	1.492.859
Individuelle nedskrivninger	-14.350	-9.850	-12.350
Nedskrivninger på grupper	-10.200	-11.700	-10.200
Sum netto utlån og fordringer på kunder	1.403.442	1.522.012	1.470.309
Overtatte eiendeler	1.000	1.000	1.000
Sertifikater, obligasjoner og andre rentebærende verdipapirer med fast avkastning	230.609	112.919	132.377
Aksjer, andeler og andre verdipapirer med variable avkastning	63.391	31.895	51.985
Eierinteresser i konsernselskap	10.266	10.266	10.816
Utsatt skattefordel	0	0	0
Varige driftsmidler	401	235	243
Andre eiendeler	4.051	883	1.803
Forsk. betalte ikke påløpne kostnader og oppjt. ikke mottatte inntekter	11.291	9.834	11.325
SUM EIENDELER	1.905.172	1.818.123	1.870.833
GJELD OG EGENKAPITAL			
Gjeld til kredittinstitusjoner	84.004	86.561	111.410
Innskudd fra og gjeld til kunder	1.435.655	1.274.555	1.327.055
Gjeld stiftet v/utstedelse av verdipapirer	110.000	197.000	197.000
Annen gjeld	20.484	10.420	5.670
Påløpte kostnader og mottatte ikke opptjente inntekter	26.502	24.499	3.782
Avsetninger for påløpte kostnader og forpliktelser	912	630	1.272
Ansvarlig lånekapital	35.000	35.000	35.000
SUM GJELD	1.712.557	1.628.665	1.681.188
Egenkapital i.l.	187.645	183.307	189.645
Regnskapsperiodens resultat	4.970	6.151	
SUM GJELD OG EGENKAPITAL	1.905.172	1.818.123	1.870.833

Bø, 30.09.2013

Styret for Sparebanken BØ


Harald Flaten
styreleder


Trysve Myrene


Olav Berge


Ase Haukås Gjerde


Ulrik Holmsen


Solveig Sundbø Abrahamsen


Rune Mathisen


Halger Kaasa
Banksjef

Tap og misleghaldsnote 3. kvartal 2013 - Bø Sparebank

Tap på utlån

	30.09.2013	31.12.2012
Periodens endring i ind. nedskr.	2.000	3.180
Periodens endring i gruppe.nedskr.		
Periodens konstaterte tap tidl. er nedskrevet for	126	
Periodens konstanterte tap som tidl. ikke er nedskrevet for (periodisering)	89	2.867
Periodens inngang på på tidl.	164	613
Perioders nedskrivinger		
Periodens tapskostnad	2.051	5.434

Misleghaldne engasjement
(tusen kroner)

	30.09.2013	31.12.2012
Brutto misleghaldne utlån	35.139	23.931
Ind. Nedskrivinger	-9.900	-8.400
Netto misleghaldne utlån	25.239	15.531

Andre tapsutsette
Engasjement
(tusen kroner)

Tapsutsette engasjement (ikkje misleghaldne)	15.524	12.429
Individuelle nedskr.	-4.450	-3.950
Netto tapsutsette eng.	11.074	8.479